

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		14/257

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2014	Kommunestyret	PS	30.04.2014

Referatsak

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Kontrollutvalet - møteutskrift 04.03.14
2	Årsmelding 2013 Kontrollutvalet i Masfjorden kommune
3	Kontrollutvalet - møteutskrift frå møte den 22.04.14
4	Kontrollrapport 2013 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen for Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Kommunestyret - 025/2014

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk igjennom referatsakene.

Vigdis Sjøvik (Sp) etterlyste protokoll frå kontrollutvalet den 16.12.2013. Denne vart kopiert og delt ut i møte.

Innspel til kommunestyret:

John Torsvik (H):

Masfjorden kommune har fått spørsmål om kva som skal til for å kunne etablere ei salsavdeling hjå Vinmonopolet i Masfjorden. Regjeringa har sett i gang eit prøveprosjekt med mindre utsalsstadar,

såkalte kategori 1 butikkar. Vil administrasjonen kunne fremje ei sak for kommunestyret om å søkje Vinmonopolet om ein salsstad i Masfjorden innan fristen i år?

Egil Kvingedal (V):

Masfjorden er ein flott kommune å vera i, ein kommune me er stolte av heiter det i innleiinga i samfunnsdelen av kommuneplanen. Og det er sant, Masfjorden er ein fin kommune å vera i, måtte den bere bestå i framtida.

Men ein kan ikkje lenger vera stolt av å ferdast etter vegane i Masfjorden. Vegnettet i kommunen var i si tid bygd etter dåtidas standard og kvalitet. Dessverre så held ikkje størsteparten av vegnettet i Masfjorden krava til dagens standard, ja sikkert ikkje til den tids standard når vegen blei bygd heller. Verst er vel kanskje fylkesvegane. For eksempel nokre hundre meter ovanfor krysset på Mollandseidet har det i lengre tid stått ei reflekssøyle for å minna trafikantane på at her er ikkje ting slik dei burde ha vore.

Asfaltdekke rundt om på vegane er so nedslite at det har danna seg slike sprekker og hol som gjer det reint trafikkfarlig å ferdast etter vegane, og spesielt viss ein då er syklist i tillegg.

Dette har Venstre tatt opp tidligare, og vil be om at ordførar rettar skarp kritikk mot fylke og statlige vegmyndigheiter, og ber om at det blir utført store utbetringar på vegnettet i kommunen. Får vi dette til, vert det mykje tryggare og ferdast i kommunen.

Marit Steinestø (KrF):

Det trengs rassikring frå Fosshaugen mot Haukeland.

Marit Steinestø (KrF):

Me er svært nøgd med det MOT arbeidet som vert gjort blant våre ungdommar.

Me ynskjer og at våre ungdommar skal ha MOT med seg i vidaregåande og. Difor ber me ordføraren om å ta opp til drøfting i regionrådet MOT medlemskap for vidaregåande skular i Nordhordland.

Me vil og oppfordra politikarane til å ta dette opp med sine fylkespolitikarar og be om at ein arbeidar for at vidaregåande skular i fylket blir MOT medlem. Treng ein meir informasjon om dette er det berre å ta kontakt med vår MOT kontakt.

Me ser dette som svært viktig i det førebyggjande arbeidet blant ungdom, og for å skapa berte og tryggare miljø på dei vidaregåande skulane.

Me har lokalsamfunn med MOT (sjå årsmeldinga under skule, felles prosjekt.) For at me betre skal forankra MOT i lokalsamfunnet vil me oppfordra ordførar og rådmann til å reisa på samlinga der dei er invitert 10. – 11.09.14. Dei skulle vore på ei slik samling i fjor, men av ulike grunnar blei ikkje det. Me håpar difor at dette let seg gjera å prioritera i år og vidare framover.

Me ynskjer og at me skal komma i gong med signalberarar.

Lillian Andvik (KrF):

Det har lenge vore etterspurd etter eit møte om landruk for bøndene, og det er positivt at det har vorte avvikla. I ettertida må ein vera obs på at ein ikkje set eit slikt møte til lammetida, og at ein får formidla det ut til dei det gjeld. Gjerne i brevform eller på mail. Ein ser på oppslutninga som var at det ikkje er godt nok å setja det i lokalaviser og på heimesida. Berre så synd at ikkje fleire får med seg eit så godt møte. Treffpunkt for bøndene.

Marit Steinestø (KrF):

KrF ber om at det blir lagt ut informasjon om kva som skjer i Masfjorden på heimesida.

Lag og organisasjonar må bli gjort oppmerksame på korleis ein går fram for å leggja ut info på heimesida.

Spørsmål til kommunestyret:

Marit Steinestø (KrF):

1. Ber om at det vert sett av ½ time i starten av kvart kommunestyret der ordføraren orienterer om ulike saker og prosjekt.
2. Når vil kommunestyret frå framlagt resultatata frå elevundersøkinga hausten 2013?
Rådgyvear Alf Strand: Det er komen melding frå leverandør av undersøkinga at resultatata er forsinka grunna tekniske problem.
3. Med tanke på at me er «Lokalsamfunn med MOT» og at me er med i prosjektet «Betre læringsmiljø» vil me be om at når ein får besøka av ein representant frå MOT sentralt, som heldt eit

foredrag, blir dette gjort kjent i lokalsamfunnet og at det blir eit tilbod våre tilsette får ta del i. Hadde det vore mogeleg å lagt eit slikt foredrag til kveldstid og kanskje kombinert deler av planleggingsdag med eit foredrag der og foreldra kunne blitt invitertert?

Rådgjevar Alf Strand: Denne gangen kom innkallinga seint frå MOT. Det kan vere vanskelig å få lagt slike fordrag til kveldstid, då foredragshaldarane er ute på ein større turne når dei besøker kommunane, me lyt då ta det tidspunktet som me vert tildelt.

4. Etterlyser informasjon for vidareformidling til stortingsrepresentantane med tanke på ankringsområde i Fensfjorden.

Brev som er sendt til Kommunal og Moderniseringsdepartementet v/statsråd Jan Tore Sanner er oversendt på mail til kommunestyrerepresentantane.

KS - vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.